

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Sendt via e-post til hfk@hfk.no

Eidestøa, 09.07.2018

Lokalitet Eikebærånæ (13870) – søknad om utviding av maksimalt tillaten biomasse og fleksibel MTB mellom Eikebærånæ og Fyllingsnes

Bakgrunn og søknad

Lokalitetane Eikebærånæ og Fyllingsnes ligg i Osterfjorden, Lindås kommune. Gjeldande løyve set maksimalt tillaten biomasse (MTB) til 1 560 tonn for kvar av lokalitetane. Lokalitetane er knytt til løyva H L 0003, H L 0024, H L 0025, H L 0026, H L 0027 og H O 0005. Sistnemnde er eit forskingsløyve tilhøyrande Ewos Innovation AS.

Eide Fjordbruk og Ewos Innovation søker med dette om ei auke i MTB for lokaliteten Eikebærånæ til 3120 tonn, og fleksibel MTB mellom Eikebærånæ og Fyllingsnes slik at samla MTB for dei to lokalitetane ikkje overstig 3120 tonn. MTB for lokaliteten Fyllingsnes skal framleis vera 1520 tonn.

Bakgrunnen for søknaden er at Eide Fjordbruk vurderer Eikebærånæ som ein svært god lokalitet med gode produksjonsresultat gjennom mange år, med lite sjukdom, lavt lusenivå og gode resultat frå MOMB-undersøkingar både i 2013, 2015 og 2017.

Gjennom ein fleksibel MTB for dei to lokalitetane, vil me betre kunna nytte potensialet på Eikebærånæ.

Lokaliteten er ein fjordlokalitet og ligg skjerma frå vêr- og vindeksponering i retningsområdet vest-nord. Den er mest eksponert retningsområdet frå øst-sør.

TRADISJON FOR KVALITET

Søknaden om utviding gjeld berre Eikebærånæ, og det er derfor berre den lokaliteten som vert omtala vidare i søknaden.

Søknadsgebyr

Eide Fjordbruk betalte 4. juli i år kr 72 000 i sakshandsamingsgebyr, rekna ut frå tre gebyr for kvart selskap à kr 12 000. Stadfesting på utbetaling ligg som vedlegg til søknaden.

Arealsituasjon

Lokaliteten ligg innan område avsett til akvakultur i kommunedelplan for Lindås, vedteke 22.09.2011. Konfigurasjonen som denne søknaden gjeld, ligg tilsvarande i område avsett til akvakultur. Naudsynte fortøyingar for akvakulturanlegg kan etter føresegnene punkt 6.2 leggjast i område for bruk og vern av sjø og vassdrag.

Konsekvensutgreiing

Me vurderer det slik at utvidinga ikkje kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, og at det ikkje er naudsynt med konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova kapittel 14 og tilhøyrande forskrift om konsekvensutgreiingar.

Søknaden skrid ikkje over grenser som tilseier at det skal setjast krav om konsekvensutgreiing (ref. gjeldande rettleiar for utfylling av søknadsskjema for tillating til akvakultur pkt. 2.3).

Anleggskonfigurasjon

Anlegget ligg i dag med langsida i retning nord-sør, og består av to bur med innvendige mål på 25 x 25 meter. På kortsida av anlegget mot nord ligg fôrflåten.

Denne søknaden gjeld ein anleggskonfigurasjon med to rekker à tre plastringar i retninga nord-sør, og forflåte på kortsida mot nord. Eide Fjordbruk ønskjer å gå over frå tradisjonelle

stålbur til plastringar ved endringar av anleggskonfigurasjonar. Plastringar krev større areal, men gjev lågare fisketettleik og betre rømmingstryggleik.

Sjøtrafikk og farlei

Delar av akvakulturområdet som er avsett i kommuneplanen går ut i bileia Molviksundet. Lokaliteten ligg i grøn sektor av Iso lykt. Det er noko sjøtrafikk i området. Det går turistbåt frå Bergen om sommaren, og det er skipstrafikk inn til steinknuseverket i Eikefet. Kystverket sitt oversyn over skipstrafikk (AIS-data frå månaden mai 2015) viser at skipstrafikken i stor grad går i midten og mot sør i sundet. Lokaliteten ligg i grøn sektor av Iso lykt. Dette kan ha sin grunngeving at skipstrafikken må segle under Nordhordlandsbrua i sør.

Straum- og botntilhøve

Anlegget ligg om lag 150 meter frå land, i retning nord-sør. Lokaliteten er godt verna frå vêr- og vindeksponering i retningsområdet vest-nord, men er noko meir eksponert for vindretningar i frå aust-sørvest.

Anlegget ligg over ein bratt skrånande botn med djupner mellom om lag 150 og 290 meter. Botnen skråar i anlegget si lengderetning mot sør og når over 500 meter djupne i Osterfjorden om lag 350 meter sør for anlegget.

Det er ikkje tersklar mellom lokaliteten og djupneområdet i fjorden utanfor. Osterfjorden har meir perifere tersklar som ved Herdla.

Rådgivende Biologer AS har utført B-undersøkingar på lokaliteten, sist i mars 2017. Lokaliteten viste då lite teikn på belastning av organisk materiale, og fekk beste tilstand, 1 = «meget god» (Tveberg 2017). Alle einskildprøver i undersøkinga fekk beste tilstand.

Dei to føregåande undersøkingane, frå 2013 og 2015 gav òg beste tilstand, 1 = «meget god». Desse undersøkingane blei tekne medan konfigurasjonen ved anlegget var annleis enn i dag, og hadde difor ikkje same prøvepunkt som siste undersøking.

Lakselus og sjukdom

Dei siste åra har ein hatt høvesvis korte periodar for utsett ved lokalitetane, ned mot ti månadar. Dette fører til lengre brakklegging og raskare utskifting av fisk enn ved lengre utsett. Begge desse konsekvensane gjev ei reduksjon i luseutfordringa knytt til produksjonen. I 2016 og 2017 var det ikkje gjennomført mekanisk fjerning av lakselus.

Det har heller ikkje vore registrert sjukdom på fisken desse åra.

Konklusjon

Eide Fjordbruk har hatt god produksjon ved lokaliteten Eikebærånæ over lang tid. Lokaliteten har svært gode straum- og botntilhøve og låge lusetal. Samla sett meiner Eide Fjordbruk at lokaliteten har berekraft ved auka MTB.

Eide Fjordbruk søker med dette om ei auke i MTB for lokaliteten til 3120 tonn.

Med helsing

Eide Fjordbruk AS

Tor Johannes Hjertnes

samfunnskontakt

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og sendt utan signatur

Vedlegg:

1. Stadfesting betalt gebyr
2. Erklæring om samtykke – EWOS Innovation AS
3. Utfylt søknadsskjema
4. Sjøkart 1:50 000
5. Kystsonekart 1:80 000
6. Olex-kart 1:10 000
7. Anleggskisse
8. Posisjonar anlegg
9. Posisjonar flåte
10. Lokalitetsundersøking 2012

11. MOM-B-rapport 2015 og 2017 (u. off. etter offentleglova § 13 jf. forvaltningslova § 13)
12. Beredskapsplan sjukdom og massedaud (u. off. etter offentleglova § 13 jf. forvaltningslova § 13)
13. Beredskapsplan rømming (u. off. etter offentleglova § 13 jf. forvaltningslova § 13)
14. Innhald brukarhandbok internkontrollsystem (u. off. etter offentleglova § 13 jf. forvaltningslova § 13)